

Vil du bli med på glassmykke-kurs?

07.07.2010

**Vil du vera med på glassmykke-kurs i Gamleskulen onsdag 14. juli, spør Tove Karin Høgemark (biletet).**

**Ho ber om innmeldingar til nummer 99 61 93 40 snarast.**



Tove og ei til skal halda kurset i to økter, frå klokka 10 til 14 og frå 14 til 20 denne dagen.

Ho held kurset saman med Brit Haukås frå Sveio.

Tove har sjølv Aksdal som postadresse, men bur mykje av året i Uskedalen, nærare bestemt i hytta på Øyro. Ho er så trufast her at ho nærmast må kallast Uskedal-veteran.

På heimebane har ho ei leiande rolle i mellom anna i LHL for Tysvær og Bokn.

Som andre LHL-lag har dette fleire aktive handarbeidsgrupper og ei av dei syslar med produksjon av glassmykke.

- Det er fint å kunne laga sine egne ringar og øredobbar, seier Tove.